



Barnas Barnehage Hundvin
Hundvinsvegen 5
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1728 - 18/1798

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
23.01.2018

Rapport frå tilsyn i Barnas Barnehage Hundvin 16.01.2018

Barnas Barnehage Hundvin er ein privat barnehage som er eigd og vert driven av Charlotte N. Grimstad.

Det er barnehagen / barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskrive tema for tilsynet, formidle dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert med.

Tema for tilsynet

Det er gjennomført tilsyn med Barnas Barnehage Hundvin der temaet var, sitat rammeplan:

- *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk.*
- *Kommunikasjon, språk og tekst*

Tilsynsmynde har vurdert om barnehagen har ei drift som er lovleg og forsvarleg i høve til Barnehagelova og forskrift. Under kapittel *Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk og Kommunikasjon, språk og tekst* i Rammeplanen, kjem det tydeleg fram kva og korleis barnehagen skal leggje til rette og arbeide med språk og kommunikasjon. Med utgangspunkt i desse kapitla har tilsynsmynde gjennomført tilsynet i Barnas Barnehage Hundvin.

Før tilsynet vart gjennomført ba Lindås kommune om å få tilsendt fylgjande dokumentasjon:

- Barnehagen sin årsplan.
- Anna relevant dokumentasjon i høve til tema språk og kommunikasjon.
- Plan for implementering av ny rammeplan, fokus på språk og kommunikasjon.
- Kompetanseplanar.

Formålet med tilsyn/rettslege krav

§ 16. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering. I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.



Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet er dei aktivitetar som kommunen utøver for å sikre seg at barnehagane vert drivne i høve til krav i Barnehagelova og forskrift. I tillegg til å kontrollere om lovverket vert følgd, er det eit tilsynsansvar å gjere faglege vurderingar og gje rettleiing. På nokre område gjev lova detaljerte føringar, medan det på andre område er ope for skjønn.

I tilsynsoppgåva ligg det at det skal førast kontroll med at barnehagane følgjer gjeldande regelverk, og at det vert gitt reaksjonar når ikkje krav vert oppfylte.

Rapporten omhandlar resultat frå tilsynet som var meldt 03.01.2018 og som var gjennomført 16.01.2018.

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon. Det er også gjennomført synfaring i barnehagen og intervju / samtale etter oppsett plan.

Oversikt over personar som vart intervjuja i tilsynet :

Namn	Stilling
Camilla Leirvåg	Foreldrerepresentant
Anne Marie Fanebust	Pedagogisk leiar
Lise Furuli Myhr	Barne- og ungdomsarbeidar
Charlotte N. Grimstad	Eigar / leiar

Tilsynet var gjennomført av Astrid Namtvedt Sylta, Lindås kommune og Mette Marei Træland, Meland kommune.

Våre vurderingar

I tilsynsbesøket møtte tilsynsmyde representantar frå dei ulike yrkesgruppene i barnehagen. Mynde hadde også samtale med foreldrerepresentant. Gjennom samtalane fekk mynde oversikt over korleis det vert arbeidd med tema språk og kommunikasjon i barnehagen, og kva kompetanse som er i barnehagen. Mynde fekk og informasjon om korleis foreldre vurderer barnehagen.

I samtale og gjennom synfaring i barnehagen, kom det tydeleg fram at språk og sosial kompetanse har vore satsingsområde i fleire år. Styrar er med i gruppa som utarbeider *språkplanen for Lindås kommune*. Barnas Barnehage Hundvin er ein DUÅ barnehage. Strategiane i DUÅ vart aktivt brukt i barnehagekvardagen. Både foreldrerepresentanten og dei tilsette fortalde om bruk av coaching i kvardagssituasjonar.

Arbeidet i Barnas Barnehage Hundvin bar preg av planlegging og god struktur. Mynde fekk innblikk i korleis arbeidet vart planlagt og gjennomført, men også korleis det vart evaluert. Metoden frå PULS med *forbetring, fornying og foredling* vart aktivt brukt. *Me brukar ikkje tid på bagatellar*, sa styrar. Dette forklarte ho ved å vise oss *personalpermen*. Den innhald mellom anna planar og arbeidsfordeling. Barnehagen har ei stabil personalgruppe.

På begge avdelingane vart det arbeid målretta med språk, tilpassa alder:

- Heile kvardagen er prega av bevisst bruk av språk. I døken øver barna på rim og regler.
- God bordskikk vert innøvd ved bruk av rim og regler. Desse heng på veggen i stova, dekorert med artige bilete.
- Når barna går i trappa opp til loftet øver dei på lydar som er avbilda på kvart trinn.
- Les mykje bøker. Alle barna får ha med si bok i barnehagen. Les den, positivt fokus på barnet.
- Bokbussen kjem på besøk.
- Barnehagen har «undretur» for dei minste ein gong i veka. Språkstimulering er sentralt her.
- Barnehagen har språkgrupper. Personalet skriv logg etter kvar språkgruppe.
- Jobbar mykje i smågrupper. Brukar målark, evaluerer jamleg. Har eit omfattande system for planlegging og struktur.
- Kokkegruppe på leirplassen ein gong i veka, lagar «menytavle».
- Barna vert «bada» i språk gjennom heile dagen!
- Filisofiske samtalar.
- Nyttar *Alle med og Tras*.

I samtale med foreldrerepresentanten kom det fram at ho var nøgd med barnehagen. Barna vart godt tekne i mot, og terskelen for å ta opp ting med dei tilsette, var lav. Ho hadde heller ikkje fått negative meldingar frå andre foreldre. Bruk av DUÅ vart framheva som positivt. Når det gjeld digital praksis og korleis det vert jobba med skriftsspråk i barnehagen, var foreldrerepresentanten litt usikker.

Tilsynsmynde hadde samtale med 3 av personalet. Alle 3 fortalde om eit bevisst arbeid gjennom planlegging og refleksjon. Bruk av målark og eigenvurdering var ein fast metode i det pedagogiske arbeidet. Det same var progresjonsplan. Styrar fortalde at ho var «glad» i UDIR, brukte denne nettstaden bevisst.

Som det kom fram i samtale med foreldrerepresentanten var det litt uklart korleis det vert jobba med digital praksis og skriftspråkuttykk i barnehagen. Dette bør kome meir tydeleg fram. Når det gjeld litteratur, er det ønskjeleg at både nynorsk og bokmål er synleg i barnehagen. Det same gjeld utvalet av ny og eldre litteratur.

Konklusjon

Barnas Barnehage Hundvin oppfylle krava i Rammeplan i høve til arbeidet med språk, kommunikasjon og tekst. Barnehagen har ei tydeleg leiing og gode system for planlegging, gjennomføring og evaluering av det pedagogiske arbeidet. Det er høg grad av refleksjon i personalgruppa.

Samsvar med Barnehagelova

Tilsynsnemnda har i tilsyn med Barnas Barnehage Hundvin ikkje avdekka lovbrøt.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Barnas Barnehage Hundvin

Hundvinsvegen 5 5956

HUNDVIN